

PROSJEKT: KROPPEN

RAUD GRUPPE – VINTER/VÅR 2020

KORLEIS STARTA PROSJEKTET?

- Det var ein periode der ordet «bæsj» vart brukt til mykje anna enn det ordet betyr. Mellom anna kalla ein kvarandre «bæsj» i konfliktar, og ein brukte også ordet «bæsj» i situasjonar der ein heller kunne valt ord som t.d «dumt».
- Dei vaksne valte då å gå djupt inngåande i kva ein bæsj er. Me illustrerte korleis ein bæsj vart til, gjennom konkreter i samlingsstund. Slik vart også Lurvin til.
- Gjennom arbeidet med dette prosjektet har me vært opptatt av å lytte til barna sine innspel og la dei medverke gjennom sine idear, interesser og reaksjonar. Prosjektet flyt framover på barna sine spørsmål, som dannar grunnlaget for vegen vidare.

MØT LURVIN!



Lurvin vart til under ei samlingsstund. Omrisset av eit barn vart teikna på eit stort ark, me gav han namn og samtala om dei ulike funksjonane me har på hovudet vårt.

Augene gjer oss synet.

Øyrene gjer oss luktesansen.

Øyrene gjer oss hørsel.

Munnen gjer at me kan snakke og ETE!

Men kva skjer når me et?

Me bruker gjenbruksmateriale til å lage spiserøy, magesekk, tynntarm, tjukktarm og avføring. Barna leiar samtalet og me vaksne bidrar med oppfølgingsspørsmål og begrep.

«Barnehagen skal bidra til at barna blir kjende med kroppen sin» -Rammeplanen s.49

«Personalelet skal invitere til ulike typer samtalar der barna får fortelje, undre seg, reflektere og stille spørsmål» -Rammeplanen s. 48

KOR HØG ER EG?

Matematikk i barnehagen


Me vert kjent med målebånd. Kva er alle strekane og tala?

Me høyrer omgrep som «centimeter», «millimeter» og «meter».

Me måler oss sjølv, skriv ned kor høge me er og samanliknar oss med kvarandre på ein positiv måte.

Korleis kan det ha seg at nokon som er blitt 6år er lågare enn ein som er 5år? Me har mange spanande diskusjonar og undrar oss saman.

«Personale skal legge til rette for matematiske erfaringar gjennom å bidra med matematiske idear og utdjupende samtalar i leik og kvardag» -Rammeplanen s.54



«Kor mykje blod har me i kroppen?»



«Blodårene
er over alt, til
og med i
ansiktet»

«Lurvin treng 5 liter blod»

«Ikkje blod i håret, det
har ikkje blodårer»

«I kroppen er det heilt
fullt med blod»

«Me trenger nok
1000 blodårer»



«Barn treng meir
blod for dei skal
vokse»

«Eg har
blodårer i
armen min»

«Det er ikkje plass
til 5 liter blod i
barnekropp»

Me måler opp kor mykje 5 liter er,
samtalar rundt temaet og undrar oss i
lag.

«Personalelet skal støtte barnas refleksjonar
rundt situasjonar, tema, fenomen og skape
forståing og meinings saman med dei» -
Rammeplanen s.22

ANSIKTET VÅRT – ME ER SÅ FORSKJELLIGE!



Me har tatt bilde av ansiktene våre, klypt ut hår, auger, nase og munn kvar for seg. Finn eg det som er meg? Kva skjer om me setter saman forskjellige barn? Kva er forskjellane mellom oss? Finnes det likheter?

«Barnehagen skal vise korleis alle kan lære av kvarandre, og fremje nysgjerrigkeit og undring over likskapar og forskjellar. Barnehagen skal bidra til at alle barn føler at dei blir sett og anerkjende for den dei er, og synleggjere den enkelte sin plass og verdi i fellesskapet.» -Rammeplanen s.9

«Hjerta pumpe blod»

«Når me e
sliten dunker
hjerta masse»

«Hjerta dunke
masse når me
springe»

«Fylle opp tanken
med blod fra hjerta»



RAUD GRUPPE SAMTALAR OG UNDRAR SEG OVER HJARTET OG BLODÅRENE

«Me har
blodårer i
tunga til og
med, for eg
blødde når eg
beit meg»



«Me må springa å hjelpa hvis
hjerta stoppe å gå, me dør hvis
me ikkje får hjelp»



«Blodet
renner inni
årene»

LURVIN HAR FÅTT LUNGER

Saman med ei lita barnegruppe laga me lunger til lurvin. Papp vart klyppa ut i fasongen me såg på biletet, me måla dei og teikna på blodårer.

Sugerrøyr vart festa til ballongar, som illustrerer luftrøyret Når me blås i luftrører fyller me ballongane med luft – slik som lungene vert fullt med luft når me pustar inn.

Illustrasjonen me brukte



ME TESTAR HJARTET OG LUNGENE VÅRE.

Me starta med å kjenne på hjarta vårt og pulsen på halsen, før me sprang så fort me kunne rundt grusplassen. Etterpå kjente me igjen på hjarta og pulsen vår – det dunkar fortare!

Etterpå fekk me prøve kvar sin gong med pulsklokke på armen. Me såg at talet steig fort opp etter at me hadde sprunge igjen.

Barna heia på kvarandre når dei sprang, og me såg samanheng mellom høge tal og kor fort me sprang.



«Gjennom arbeid med mengd, rom og form skal barnehagen bidra til at barna leiker og eksperimenterer med tal, mengd og teljing og får erfaring med ulike måtar å uttrykkje dette på» -Rammeplanen s.53



**ME PUSLAR SAMAN SKJELETTET OG
NAMNGIR DEI ULIKE DELANE.**

KVA FUNKSJON HAR SKJELETTET?

Me brukte modelkitt til å lage dyr. I det første dyret hadde me laga ei «ramme» av sugerøyr, som illutstrerte skjelletet med 4 bein, rygg og nakke. Dette dyret klarte å stå sjølv.

Det neste dyret forma med av modelkitt utan noko «ramme» i. Det seig saman ganske fort.

«Personalelet skal utvide og byggje vidare på barnas interesser og gi barna varierte erfaringar og opplevingar. Barnehagen skal legge til rette for øprogresjon gjennom val av pedagogisk innhald, arbeidsmåtar, leikar, materiale og utforming av fysisk miljø. Barn skal få utfordringar som er tilpassa erfaringane, interessene, kunnskaþane og ferdighetene sine» -Rammeplanen s.44



SMAKSSANSEN

Korleis fungerer smakssansen vår, når me ikkje kan sjå?



«Gjennom arbeid med fagområdet skal barna få sanse, oppleve, leike, lære og skape med kroppen som utgangspunkt.» –Rammeplanen s.49



BERØRINGSSANSEN

Me har bind framfor augene, og får ein ting lagt i hånda etter tur. Kva kjenner eg med hendene mine? Er den hard, mjuk, rund?

Me øver på å ikkje avsløre for den som skal prøve. Alle ventar i spenning på om ein klarar å kjenne kva det er. Om det er vanskeleg ber me om eit hint, og vennene hjelper til med gode hint. Her var me veldig tålmodige, hjelpsame og heia på kvarandre.

«Alle skal ha like sjansar til å bli sett, høyrd og oppmuntra til å delta i fellesskap i alle aktivitetar i barnehagen» -Rammeplanen s.10



«Barnehagen skal vere ein trygg og utfordrande stad der barna kan prøve ut ulike sider ved samspel, fellesskap og vennskap. Barna skal få støtte til å meistre motgang, handtere utfordringar og bli kjende med eigne og andre sine kjensler» -Rammeplanen s.11